

Årsrekneskap og Årsmelding 2023

Osterøy Kommune

Innleiing frå Kommunedirektør

Føreord frå Kommunedirektør - Innleiing til årsmelding

Vi legg med dette fram årsmelding og rekneskap for 2023. Nok eit år med stor aktivitet er tilbaketrukket. Det er produsert mange tenester i løpet av året, og presset på dei tilsette er høgt. I samband med årsmelding og rekneskap vert det ofte meir fokus på rekneskapsresultat fram for alle dei tenestene som er ytt gjennom året. Det er viktig å ha kontroll på økonomien, men vi må ikkje gløyme at vi leverer mange og gode tenester til innbyggjarane. Fokus vert ofte på det vi ikkje får til, og der vi ikkje er gode nok. Sanninga er at budsjett disiplinen er god og i dei alle fleste tilfelle yter vi god og forsvarleg hjelp til dei som treng dette frå kommunen.

Regnskapsmessig hadde vi eit diverre stort meirforbruk og rekneskapen vart gjort opp med eit underskot på 22,4 mil kroner. Dette er eit stort underskot for oss og fører til at netto driftsresultat utgjer -3,2 % av brutto driftsinntekter. Det er langt unna tilrådd resultat, og vi er i godt selskap. Nær halvparten av kommunane i landet leverte rekneskap med negativt netto driftsresultat i 2023. Det er likevel ei mager trøyst. Faktum er at vi har ei drift som er for høg i høve dei inntektene vi har og som vi kan vente framover.

Det er fleire årsaker til meirforbruket i høve vedtekte budsjett for 2023. Budsjetttrammene våre er knappe og vi freistar å strekke midlane så langt vi kan for at flest mogeleg skal få dei tenestene dei treng. Noko av avviket mellom budsjett og rekneskap skuldast at vi ikkje hadde teke tilstrekkeleg høgde for utgifter til dømes til tiltak i barnevernet, betaling for pasientar som er ferdigbehandla på sjukehus og kostbare legevikarar. Vi hadde heller ikkje lagt inn nok midlar til ferieavvikling i helse og omsorg, eller sjukevikarar i sektorane. Grunna godt lønsoppgjer var det og høgare reguleringspremie på pensjon enn det vi hadde lagt til grunn i budsjettet. Dersom vi hadde teke høgde for slike utgifter ved å leggje inn buffer, måtte vi ha kuttet i drifta på andre områder.

Rekneskapsresultatet syner at vi har for høg aktivitet i høve midlar vi har til disposisjon. Dersom vi skal redusere kostnadene må vi og redusere aktiviteten. Det betyr strengare prioritering og færre tenester, færre tilsette og lenger ventetid. Prioritering betyr også å velje bort, ikkje berre gjere mindre av dei vi alt gjer. Vi klarer ikkje å organisere oss ut av den økonomiske utfordringa. Vi må også redusere tenesteytinga. Men her vert vi fort stoppa av lov-krav og individuelle rettar. Dette er den store utfordringa vi som kommune står i.

Vi har fokus på behovet for endring og at kommunen slit med å frigjere ressursar til naudsynt endringsarbeid. Det er lett å gløyme at vi endrar oss heile tida, innanfor den drifta og dei ressursane vi har. Innføring av nye digitale løysingar, skifte av sakshandsaming-system, innføring av løysingar basert på velferdsteknologi er døme på endring som skjer i kvardagen. Nye system og rutinar gjer at vi endra måten å jobbe på, men vi tenkjer ikkje alltid på dette som endring. Nye fagsystem og løysingar, gjer at vi får andre oppgåver som må løysast, og at vi treg anna type kompetanse. Vi kan frigjere arbeidskraft ein stad, men må bruke ressursane til andre oppgåver som til dømes kontrolloppgåver. Strek fokus på rettar og dokumentasjon gjer at vi treng fleire ressursar til sakshandsaming og kontroll.

Eg opplever Osterøy kommune som ein organisasjon med stor endringsvilje. Leiarane og tilsette er både positive og nysgjerrige på nye måtar å løyse oppgåver på. Hindringane ligg ofte i form av juridiske skrankar, og individuelle rettar vi ikkje kan sjå bort frå. Det er difor vanskeleg for ein einsildig kommune å løyse gapet mellom kravet til tenester og tilgjengelege ressursar på eige hand. Vi veit at den kommunale drifta ikkje er berekraftig på sikt. Dette gjeld ikkje berre Osterøy kommune men heile sektoren. Vi veit at det vert født færre born, medan talet på eldre går opp. Heldigvis har fleire og fleire

eldre god helse og klarer seg sjølve til tross for høg alder. Det som gir grunn til uro framover er veksten i det vi kallar yngre-omsorga. Spørsmålet er korleis vi skal klare å halde oppe tenestenivået når vi veit at det er fleire som går ut av arbeidslivet enn dei som kjem inn. Om få år er det ikkje nok folk til å fylle ledige stillingar. Kommunen er ikkje åleine om å konkurrere om dei unge som skal inn på arbeidsmarknaden. Skal vi klare det grønne skiftet treng industrien vel så mange nye hender som offentleg sektor. Korleis vi skal klare naudsynt omstilling innanfor tilgjengelige ressursar vert dei store politiske spørsmåla som må løysast i åra som kjem.

I den kommunale planlegging- og prioriterings-drøftinga klarer vi ikkje å sjå langt nok fram. Det politiske og administrative fokus er i stor grad prega av her og no framfor det som ligg framføre oss dei neste åra. Det er ein del av forklaringa på kvifor vi ikkje i stor nok grad klarer å fange opp endringar i behov i kommunale budsjett og økonomiplanar. Vi må bli betre på langsiktig planlegging og gjere tydeligare prioritering i komande budsjett og økonomiplanar.


Eg vil takka alle tilsette for innsatsen i 2023. Det vert ytt mange timar med godt arbeid i alle sektorar. Vi kunne ikkje levert gode tenester til innbyggjarane våre utan alle tilsette som kvar dag og natt yter sit beste. Kommunesektoren er ein arbeidskraftintensiv sektor, der det personlege møtet mellom den som gir tenester og den som mottak tenester ofte vert målet på kvaliteten vi yter. Ei stor takk til dykk alle. 45,6 prosent av alle tilsette i Osterøy kommune er sysselsett i helse og omsorg. 21,2 prosent er sysselsett i skule og 10,9 prosent i barnehage. Resterande 22,2 prosent er fordelt på drift av bygg, vegar og kommunaltekniske anlegg, sakshandsaming innan plan, byggjesak, landbruk, brannvern og redning, kultur og idrett, dokument-handtering, informasjon og publikumsservice, personal og økonomi, tilrettelegging og drift av politiske organ og administrativ leing av kommunen med meir.

Helsing

Ingvild Hjelmtveit

Kommunedirektør

Slik er kommunen organisert i 2023



Politisk organisering

Dei ulike partia er representert slik:

Heradsstyret (27 medlemmer) - SP 7, Høyre 4, AP 4, SV 1, KrF 2, Venstre 1, FrP 6, INP 2

Formannskapet (7 medlemmer) - SP 2, Høyre 1, AP 2, FrP 2

Administrasjonsutvalet (10 medlemmer) - SP 2, Høgre 1, AP 2, FrP 1

Plan- og kommunalteknisk utval (5 medlemmer) - SP 1, Høgre 1, AP 1, FrP 1, KRF 1

Kontrollutvalet (5 medlemmer) - SP 1, Høgre 1, AP 1, KrF 1, INP 1

Valstyret (5 medlemmer) - SP 2, Høgre 1, AP 1, FrP 1

Arbeidsutval for innstilling i valsaker (5 medlemmer) - SP 1, Høgre 1, AP 1, KrF 1, FrP 1

Klagenemnd (7 medlemmer) - Som formannskapet

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne (6 medlemmer) - SP 1

Levekårsutvalet (5 medlemmer) - SP 1, SV 1, KrF 1, Venstre 1, FrP 1


Ungdomsrådet (10 medlemmer) - AP 1

Eldrerådet (6 medlemmer) - SP 1

Administrativ organisering

Organisasjonskartet viser tre sektorar som er leia av kvar sin kommunalsjef. Kommunedirektør, tre kommunalsjefar og tre leiarar i Stab utgjer kommunedirektøren sitt leiarteam. Kvar sektor har einingar med einingsleiarar. Alle einingar, med unntak av NAV, Teknisk forvaltning og Plan har avdelingsleiarar som rapporterer til einingsleiarar. I eining skule under sektor Oppvekst, undervisning og kultur er det eit leiarnivå under rektor som ikkje går fram av organisasjonskartet. Dei tre stabseiningane skal vere støtte til sektorane og leiarane deira innan sitt fagområde.

Organisasjonskart



Visjon og verdigrunnlag

Visjonen for Osterøy kommune sin organisasjon er «Saman om gode tenester».

Organisasjonen sitt felles verdigrunnlag består av fire grunnleggjande verdiar:

Respekt – Omsorg - Tydeleg - Ærleg

Gjennom verdiane skal me drive ein effektiv organisasjon. Gjennom verdiane byggjar me ein god organisasjonskultur og eit godt arbeidsmiljø. Vårt felles verdisett skal prege kvardagen vår og motivere oss til å yte vårt beste ovanfor innbyggjarane våre. Gjennom verdiane blir det tydeleg kva forventningar me skal ha til kvarande, og kva som skal kjenneteikne oss som organisasjon, både internt og eksternt.

Arbeidsgjevaren Osterøy kommune

Kommuneorganisasjonen er den største arbeidsplassen på Osterøy. Pr 31.12.2023 hadde kommunen 826 tilsette delt på 629,69 årsverk. Talet på tilsette har auka med 25 personar og årsverk er auka med 9,57 i 2023. Auken kjem i sektor Helse, omsorg og sosial og sektor Samfunnsutvikling.

Årsverk pr. sektor

Sektor	2020	2021	2022	2023
Rådmann og stab	30,12	27,42	27,22	28,10
Oppvekst, undervisning og kultur	289,73	273,39	278,60	279,38
Helse, omsorg og sosial	248,76	246,38	265,04	273,54
Samfunnsutvikling	55,53	48,73	45,12	49,57

Digitalisering av tenester

Organisasjonen tok i bruk eit nytt system for økonomirapportering og økonomistyring. Avtalen med Framsikt blei inngått i slutten av 2021 og systemet blei operativt i 2022. Systemet gir tydelegare samanheng mellom styringsdata og økonomiforvaltning. Systemet blei vidareutvikla i 2023 og det er andre året årsmeldinga blir publisert gjennom verktøyet.

I arbeidet med å tydeleggjere roller og mynde til leiarane i organisasjonen innførte kommunen delegeringssystemet KF-delegering. Systemet skal bidra til å synleggjere kva delegering som er gjort frå Rådmann til den enkelte leiar og kva mynde den enkelte har i vedtakssaker. Arbeidet blei starta i 2022 og blei vidareført i 2023 og det er venta at dette vert klart i 2024.

Saman med Nordhordlandskommunane i regi av IKTNH har organisasjonen innført ny rekrutteringsplattform JobbNorge, ny arkivkjerne Documaster og nytt saks- og arkivsystem Elements.

Omstrukturering av tenester og interne prosesser

Heradstyret gjorde i 2022 vedtak om å greie ut om pensjon skulle lysast ut på offentleg konkurranse. i 2023 ble det lagt fram sak til administrasjonsutvalet og Heradsstyret som gjorde vedtak om å bli verande i KLP.

Osterøy kommune blei i 2022 sertifisert som Miljøfyrtårn gjennom «Stiftelsen Miljøfyrtårn. Miljøfyrtårn er eit verktøy med fokus på kontinuerleg forbetring. Målet er at Osterøy kommune som verksemd dreiar i retning mot ein meir effektiv og berekraftig drift ved å kartlegge korleis drifta vår er i dag. Deretter set vi konkrete mål for å mellom anna redusere forbruket vårt, jobbe systematisk innanfor HMS, verte meir energieffektiv, gjere ansvarlege innkjøp, vere bevisst korleis vi reiser i samband med arbeidsreiser og bidrar til ein auka sirkulær økonomi (altså å kjeldesortere). For å verte godkjent som Miljøfyrtårn må vi oppfylle fleire punkter innanfor arbeidsmiljø, avfall, innkjøp, transport og energi.

Målet er at alle dei kommunale bygga og tenestene skal vere sertifisert innan utgangen av 2025. Våren 2021 vart Familie- og omsorgssenteret sertifisert og hausten 2022 vart rådhuset som hovudkontor

sertifisert. Arbeidet fortsett vidare med dei andre underliggende einingane som skular, barnehagar, sjukeheimen, avlastningstenesta og brann- og redningstenesta.

Samfunnsansvar

Merksemd knytt til samfunnsansvar har auka dei siste åra. Kommunar har ei viktig rolle og må vere medviten om sitt samfunnsansvar. Samfunnsansvar handlar mellom anna å ta sosiale og miljømessige omsyn utover det som er pålagt ved lov.

Osterøy kommune som den største arbeidsgivaren i kommunen og Osterøy kommune som arealforvaltar har mange omsyn som skal vurderast kvar dag.

Klima og miljø

Osterøy kommune held på med å revidere kommuneplanen sin arealdel. Dette arbeidet starta i 2022 og har pågått i 2023. Arealdelen er eit styringsdokument for kommunen sin langsiktige arealbruk. Dei nasjonale forventningane seier at kommunane må leggje vekt på samspelet mellom klimamål, arealbruk, naturmangfald og klimatilpassing i sine planar. Den vedtekne arealstrategien i Osterøy kommune vert lagt til grunn i arbeidet med arealdelen, og legg mellom anna vekt på at berekraftsomsyn skal leggst til grunn for all arealbruk i kommunen. Arealstrategien kan du lese meir om i Kommuneplanen sin samfunnsdel som ligg på kommunen sin heimeside.

Osterøy kommune er med i fleire FOU-prosjekt (forskning og utvikling) retta mot klimatilpassing. Prosjektet «Medverknadsmetoder for klimatilpassing» er eit prosjekt som saman med innbyggjarane skal vise korleis dei som innbyggjarar kan medverke til betre kunnskap om klimaendringar. Prosjektet «Indikatorar for klimatilpassing av bygningar og infrastruktur i kommunen» med fokus på å rettar fokuset på kommunalt energiforbruk og miljøutslepp pågjekk for fullt og i 2023.

Osterøy kommune heldt på med å Miljøfyrtårnsertifisere alle sine bygg og einingar. Rådhuset og Familie- og omsorgssenteret er allereie sertifisert. I arbeidet med miljøfyrtårn jobbar vi for å redusere avfallsmengda og auke kjeldesorteringsgraden, vi jobbar med innkjøp, arbeidsmiljø og har eit fokus på reisevaner vi gjer i arbeidstida. Ved å kartlegge korleis vi driv i dag, kan vi setje inn tiltak for å nå dei måla som vi set oss. Fleire og fleire private verksemdar i kommunen er sertifisert og ordføraren har gledeleg vore med på utdeling av diplom til nokre av desse. Osterøy kommune oppmodar og heiar fleire fram til å ta eit samfunnsansvar ved å sertifisere seg etter ei godkjent sertifiseringsordning.

Etter periodar med høge straumprisar jobbar vi med å finne gode ENØK-tiltak som gjer at vi kan redusere straumkostnadane våre, og samstundes ha ein positiv effekt på miljøet. Vi investerar kvart år millionbeløp for å redusere straumforbruket og dermed og utgiftane. Tiltaka kan vere retta mot vedlikehald og oppgradering av bygningane våre, installere fjernvarme og haldningsskapande tiltak . I 2023 fekk me og tilskot frå Husbanken for å investere i nye vindu for å redusere straumforbruket

Innkjøp

Osterøy kommune er med i eit innkjøpssamarbeid med Bergen kommune og andre nabokommunar. Her vert det forhandla fram avtalar som stiller ulike krav til leverandørane. Slike krav kan vere krav til etisk produksjon, krav til miljøleing (t.d. sertifisert Miljøfyrtårn, ISO 14001), krav til transport, krav til miljømerking, avfallshandtering osb.

Osterøy kommune er gjennom innkjøpssamarbeidet og med i prosjektet «Kapasitetsbygging for sirkulære løft i anskaffelser». Det er gjeve midlar frå Miljødirektoratet og Bergen kommune har oppretta ei 2-årig prosjektstilling som skal styre prosjektet framover. Å unngå innkjøp som ikkje er naudsynt er eit viktig tiltak for å redusere klimagassutslepp og ved å stille gode krav til mellom anna kvalitet og levetid kan kommunane klimautsleppet sitt. Blant anna er gjenbruk av møbler og utstyr viktig samt gjenbruk av bygningsmateriell.

Arbeidstakarrettigheiter og sosiale forhold

Osterøy kommune sin arbeidsgjevarpolitikk gjev føringar innan HMS, rekruttering, leiarutvikling, mangfald og kompetanseutvikling med meir. Kommunen sine lønspolitiske retningslinjer og varslingsrutinar vart revidert i 2022, og det vart innført mellom anna nye rutinar for bruk av heimekontor og fjernarbeid.

Lønspolitikken skal fremje og ivareta likestilling mellom kjønna. Den lokale lønspolitikken er utforma slik at kvinner og menn blir behandla likt i vurdering av løn. Med likeløn meiner ein at kriteria for fastsetjing av løn skal vere kjønnsnøytrale og at kvinner og menn blir vurdert på ein likeverdig måte etter dei same kriteria. Ved lokale forhandlingar skal partane drøfte likeløn og vere opptekne av konsekvensane som tiltak og prioriteringar får for løna til både kvinner og menn. Lønsskilnad som har si årsak i kjønn, skal ikkje førekome. Arbeidsgjevar skal i etterkant av lønnsoppgjeret kontrollere at det ikkje er skeivfordeling i lønssoppgjeret mellom kjønna.

Sjukefråværet var i 2021 på det høgaste sidan målingane starta i 2012, og sjukefråværet var i 2023 framleis høgt. Arbeidet med å kartlegge årsakene til sjukefråvere held fram i 2023. Korleis kommunen arbeider med sjukefråvær kan du lese meir om i kapittelet om Rekruttering og medarbeidarar.

Risiko og sårbaranalyse

I 2022 reviderte Osterøy kommune sin risiko- og sårbaranalyse. Dette arbeidet fortsetter i 2023.

Du kan lese meir om analysen og ROS-analysen i sin heilskap på Osterøy kommune sin heimeside: <https://www.osteroy.kommune.no/samfunnstryggleik/heilskapleg-risiko-og-sarbaranalyse/>

Etisk standard

Tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre en høy etisk standard

Me har fokus på at me som kommune skal sikra høge etiske standarar i arbeidet vårt. Dette gjenspeglar seg i arbeid med interne reglement og rutinar, opplæring av leiarar og medarbeidarar og handsaming av ulike konkrete saker. Me har utarbeidd eit dokument kalla «Prinsipp for verksemdstyring i Osterøy». Vidare skal me i løpet av 2024/25 oppdatera organisasjonsplanen og utarbeida lokal arbeidsgjevarpolitikk og arbeidsgivar strategi. Etikk vil vere eit sentralt tema i alle desse dokumenta.

Økonomien i 2023

Innleiing

Premissane for bruk av midlar i året går fram av Heradsstyret sine budsjettvedtak. Premissane tolkar vi som føremålet med bruken av midlane. Dette gjeld både rammer for driftsbudsjettet og rammer for investeringar. Det er kommunedrådmann sitt ansvar å syte for at løyvingane vert nytta i tråd med budsjettvedtaket.

Avvik frå premissane når det gjeld investeringsbudsjettet skuldast i hovudsak at ein del planlagde prosjekt ikkje kom i gang grunna manglande kapasitet. Dette gjeld både ordinære investeringar og sjølvkost.

Økonomi 2023

Osterøy kommune budsjetterte med eit tilnærma 0 resultat for 2023. Det var som året før ein vanskeleg og det var ei krevjande prosess å saldere budsjettet for 2023. Som åra før måtte kommunen gjere kutt i dei ulike sektorane og det var difor eit knapt budsjett som ble vedteke. Netto driftsresultat endte på minus 24,8 millinar og meirforbruket endte på 22,4 millionar som ble dekket av disposisjonsfondet. Saldo pr. 31.12.2023 på disposisjonsfondet er 17,2 mill .

Resultat

Brutto driftsresultat er resultatet frå den ordinære drifta med utgifter og inntekter, men ein tek ikkje omsyn til finanspostane.

Netto driftsresultat er resultatet frå drifta etter at ein òg har teke omsyn til finanspostane (renteutgift, renteinntekt/avkastning og avdragsutgift).

Brutto driftsresultat viser eit underskot på 12,9 mill mot eit budsjettert overskot på ca. 6,5 mill kr.

Netto driftsresultat viser eit underskot på kr 24,8 millionar mot eit overskot i 2023 på kr. 10,6 mill . Meirforbruket i høve til budsjett i 2023 er kr. 22,4 mill som er dekket inn gjennom disposisjonsfondet.

Disposisjonsfondet

Disposisjonsfondet er pr. 31.12.2023 på kr 17,2 millionar. Det er ein reduksjon på kr. 22,4 mill. som tilsvarar meirforbruket i 2023

Bundne driftsfond

Bundne driftsfond er pr. 31.12.2023 kr 13,6 millionar som er ein reduksjon på ca. kr. 2,4 mill. Bundne driftsfond er i utgangspunktet fond som er avsett til øyremerka formål.

Tilrådd resultat margin

Resultat margin er netto driftsresultat i prosent av samla driftsinntekt.

Tilrådd resultat margin frå Teknisk berekningsutval for kommunal økonomi er om lag 1,75 %.

Statsforvaltaren i Vestland tilrår ein resultatmargin på 2%.

Osterøy kommune sin resultat margin for 2023 er minus ca. 3,2 % av brutto driftsinntekt med eit meirforbruk på kr. 22,4 mill.

Heradsstyret i Osterøy vedtok i 2023 at over tid skal netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter vere 1,75 %.

Kommentarar til dei største avvika:

Rammetilskot

Inntektene frå rammetilskotet er ca. 13 mill kr. høgare enn budsjett. Ca 4 mill av dette gjelder ekstra bevilgning pga ekstraordinær lønns og prisauke for kommunane.

Skatt på inntekt og formue

Inntektene frå skatt på inntekt og formue er omlag 2,35 mill høgare enn budsjett. Kommunen budsjetterte med ca. 236,3 mill medan inntektene til slutt blei 238,7 mill .

Når vi budsjetterer rammetilskotet og skatt på inntekt og formue baserer vi oss på prognosane frå KS samt egne vurderingar på folketalsutvikling og nivået på skjønsmidlar.

Eigedomsskatt

Inntekter frå eigedomsskatt er ca. 1,3 mill meir enn budsjettert. Det skyldast fleire nybygg og ei liten auke i takstane på dei eigedomane som me får taksten frå skatteetaten.

Osterøy kommune bruker skatteetaten sin bustadverdi som grunnlag for å fastsetje eigedomsskattegrunnlaget på bustader på Osterøy. Skatteetaten sin bustadverdi er eit overslag på bustaden sin marknadsverdi berekna ut i frå bustaden sitt areal, byggjeår, bustadtype, og opplysningar om omsette bustader i kommunen. Landbrukseigedomar og fritidseigedomar er det kommunen sjølv som takserer.

For 2023 er skattesatsane uendra og er 4,0 promille for bustader og fritidseigedommar. For andre eigedommar er skattesatsen 7 promille.

Inntekt frå Havbruksfond

Midlane frå Havbruksfondet ble omlag kr. 475 000,- høgare enn budsjett og endte på kr. 4 ,975 mill. Det er omlag 7,2 mill lågare enn i 2022. Estimaten på havbruksfondet var hausten 2023 på om lag 6,6 mill. dvs omlag 1,6 mill høgare enn det vi fekk utbetalt. Det er ein av årsakene til kommunen fekk eit dårlegare resultat enn forventa i haust. Inntektene frå havbruksfondet varierer frå år til år og i 2022 fikk vi 13,3 mill.

Utbetalingane er høgare 2.kvart år og i 2024 er det budsjettert med omlag 12,9 mill i inntekter.

Finansinntekter

Renteinntekt-finansinntekt

I 2023 har rentene på både innskot og innlån vore høgare enn budsjett. Renteinntektene har vore om lag 1,1 mill høgare enn budsjett og endte på ca. 7,0 mill kr.

Finansutgifter

Avdrag

Det er tatt opp kr 104 ,665millionar i nye lån i 2023. I tillegg er det tatt opp kr. 18 millionar til formidlingslån gjennom Husbanken.

Det er betalt kr. 33,5 mill i avdrag inkludert avdrag på kr. 3,7 mill til formidlingslån frå Husbanken i 2023. Avdrag på lån er ca. 1,15 mill høgare enn budsjett.

Renteutgift

Renteutgiftene har vore om lag 1,9 mill høgare enn budsjett i 2023. Årsaken til dei auka renteutgiftene er ein noko høgare marknadsrente enn budsjettert og det er investert og dermed lånt noko meir enn

opprinneleg budsjett. Renteutgiftane er 10,8 mill høgare enn i 2022 og det skuldast høgare marknadsrente samt at fleire fastrente lån er gått ut i 2022 og 2023. I tillegg har det vore ein auke i lånegjelda på grunn av ein auke i investeringar dei siste åra.

Forfallsintervall, jfr refinansieringsrisiko	
Resterande tid fram til forfallstidspunkt	
for låna i portefølja hensyntatt avdrag	
Under 1 år	30 %
1-2 år	29 %
2-3 år	12 %
3-5 år	2 %
Over 5 år	27 %

Samarbeid og prosjekt med andre kommunar

Osterøy kommune deltek i interkommunalt samarbeid med andre nordhordlandskommunar og har fleire prosjekt innan ulike område.

IKT Nordhordaland

IKTNH er vår tenesteleverandør innan IKT. Tenestene dei leverer omfattar mellom anna rådgjeving, planlegging, innkjøp og tilrettelegging av programvare- og maskinvareløysingar, skanne-, kopi- og utskriftsløysingar, telefoniløysingar, samt nettverks- og servarløysingar.

<https://iktnh.no/>

Digitalisering og innovasjon

Avdelinga digitalisering og innovasjon (DI) i Region Nordhordland IKS har ansvar for prosjektgjennomføring av digitaliserings- og innovasjonsprosjekt for 12 kommunar tilknytta IKT samarbeidet gjennom IKT Nordhordland (IKTNH)

<https://regionnordhordland.no/artikkel/Digitalisering-og-innovasjon>

Kontaktsenter

Osterøy gjekk i 2022 inn i eit kontaktsentersamarbeid saman med Gulen og Samnanger om ei felles sentralbordløyising. Dette har vore ein suksess, og vi har fått heva servicegraden vår og dermed meir fornøgde kunder og innbyggjarar.

<https://www.kommunal-rapport.no/digitalisering/gjor-suksess-med-felles-innbyggjerservice/149290/>

Digitaliseringsprosjekt

I regi av DI og IKTNH har me ei rekkje store og små digitaliseringsprosjekt gjennom året, der nokre av desse er:

- Anskaffing av nytt saks- og arkivsystem
- Anskaffing av ny innbyggjarportal med innføring i 2024
- Anskaffing av ny rekruteringsløyising
- Anskaffing av ny planregisterløyising

Andre samarbeidsområde:

- Innkjøpssamarbeid med Bergen kommune og andre Nordhordlandskommunar. Her får kommunane som er medlem i innkjøpssamarbeidet tilbod om å vere med på dei ulike tilbuds konkurransane som innkjøpsavdelinga i Bergen forhandlar fram. Desse avtalane sikrar ulike omsyn mellom anna knytt til transport, etiske forhold i produksjon og levering av varer, ulike krav knytt til miljø og berekraft, osb.
- Straumavtale. Dette er ein avtale med 3 andre nabokommunar om innkjøp av straum gjennom tilbuds konkurranser.
- Barnevernstenesta. Samarbeid med Vaksdal kommune og Modalen kommune om levering av barnevernstenestar.
- Regionråd med tenester innan økonomi, arkiv, personal, kontrollutvalgssekreteriat og legevakt.

Rekruttering og medarbeidarar

Arbeidsgjevarpolitikk

Kommunen skal vere ein profesjonell, samskapande og utviklingsorientert organisasjon, med dyktige medarbeidarar, kompetente leiarar, god involvering og eit sterkt fokus på medarbeidaren som den viktigaste ressursen for å levere gode tenester. Det er gjennom våre tilsette at organisasjonen når sine mål og utviklar seg i tråd med dei behova som samfunnet treng.

Organisasjonen har dei siste åra vore i ei kontinuerleg omstilling for å ha eit budsjett i balanse. Det har ført med fleire kutt i tenester og omlegging av korleis kommunen leverer sine tenester. Organisasjonen må i åra framover aktivt arbeide med å støtte einingane til ei høveleg organisering og bruk av både dei økonomiske og personalmessige ressursane gjennom kontinuerleg omstilling. Det fører og med at organisasjonen må utarbeide reviderte planer for t.d. arbeidsgjevarpolitikk som må endrast i tråd med kommunen sine framtidige behov. Førebuing på ei ny generasjon i arbeidslivet må takast i vare i slike planverk. Organisasjonen treng å effektivisere og omstille den kommunale drifta. Vi må drive og utvikle kommunen med mindre ressursar enn me gjer i dag, samstundes som me må sikre nok og rett kompetanse på alle nivå. Me skal ha ei tenleg organisering av tenestene, og sikre gjennomføringskraft for naudsynte endringar. Me skal utvikle ein felles kultur og ideologi for arbeidet vårt slik at me står fram som ein kommune og ein organisasjon. I kulturen vår løyser vi tverrfaglege oppgåver saman og deler kompetanse på tvers av fagområde.

Organisasjonen manglar fleire relevante og oppdaterte planar som t.d. arbeidsgjevarstrategi, organisasjonsplan og strategisk kompetanseplan. Kommunen sine lønspolitiske retningslinjer og varslingsrutinar blei revidert i 2022. Det blei gjort mindre korrigeringar i lønspolitisk plan i 2023 der endringa primært gjaldt bruk av stillingskode ved tilsetting. Det blei innført nye rutinar for bruk av heimekontor og fjernarbeid. Vidare skal arbeidsgjevar arbeide vidare med grunnleggjande leiaropplæring, digitalisering og system, tydelege delegeringar og roller mellom leiarnivå i organisasjonen. I 2023 har kommunedirektøren arbeidet med "prinsipp for verksemdsstyring" og revidert organisasjonsplan. Utkast til organisasjonsplan er klar og organisasjonen vil bli del av ei prosess saman med arbeidstakarorganisasjonane og leiarane i 2024. Organisasjonen har innført ny rutine for fleksibel arbeidstid som gir tilsette med fleksitidsordning større styring over eigen arbeidstid.

Lønsoppgjeret 2023

Året 2023 var det mellomoppgjer i tariffområdet KS. i mellomoppgjer forhandlar ein berre om løn. Resultatet har ei fastlåst ramme på 5,4 prosent. Det er over ramma i frontfaget som blei avtalt i privat sektor og den avtale ramma i staten. resultatet tar omsyn til den usikre økonomiske situasjonen og gir dei lågast lønna eit særleg løft. Samstundes får dei med høgast utdanning og lønn også reallønsauke.

Forhandling om regulering av løn for rådgjevarar og leiarar skjer ved lokale forhandlingar. Dei blei gjennomført i oktober same år. i oppgjeret for rådgjevarar i kapittel 5 blei det brot i forhandlingane med utdanningsforbundet. Partane var i meking ved lokal nemnd hos kretsmekler. Resultat blei omlag som arbeidsgjevar sitt siste tilbod i forhandlingane. Forhandlingane med leiarane handla i stor grad om utjamning med andre samanliknbare stillingar internt i organisasjonen.

Organisasjonsutvikling

Leiaropplæring og leiarutvikling:

Arbeidet med organisasjonsutvikling i 2023 har vore organisert som felles samlingar for alle leiarar med personalansvar. Det har vore månadlege samlingar siste tysdag kvar månad 2 - 3 timer per gang. Tema har vore knytt til leiarverktøy som t.d. oppfølging av sjukemeldte, gjennomføring av den vanskelege samtalen, leiarane som kulturell arkitekt, gjennomføring av medarbeidarundersøkinga og medarbeidersamtalar.

Sektorane har elles gjennomført eigne organisasjonsutviklingstiltak i samarbeid med andre eksterne leverandørar.

Det blei gjennomført ein samling for nye leiarar i organisasjonen i september med innslag frå HR tema, økonomi og arkiv. Samlinga blei gjennomført som eit prøveprosjekt og blir vidareført i 2023.

Rekruttering

Kommunen skifta rekrutteringssystem i 2023 frå Visma *EasyCruit* til *JobbNorge by Grade*. Det vart i perioden 01.01.2023 – 30.09.2023 lyst ut 121 annonsar frå *EasyCruit*, og 16 annonsar frå *JobbNorge by Grade*. Totalt 137 annonsar.

Det var lyst ut 73 annonsar under kommunalsjefområdet Helse, omsorg og sosial der 8 av desse er knytt til utlysing etter ferievikarar og tilkallingsvikarar. Det vart lyst ut 43 stillingar under kommunalsjefområdet Oppvekst, undervisnings og kultur der 4 av desse er knytt til utlysing etter tilkallingsvikarar. Det er lyst ut 7 annonsar knytt til kommunalsjefområdet for Samfunnsutvikling der 2 er knytt til ferievikar og tilkallingsvikar v/reinhaldsavdelinga. For stabsfunksjonane er det lyst ut 4 stillingar knytt til stab, støtte og utvikling, 1 stilling til økonomiavdelinga og 2 annonsar på HR-avdelinga.

11 av utlysingane er knytt til rekruttering til leiarstilling. 4 annonsar på stilling som rektor på 3 ulike stillingar. Stilling som rektor ved ungdomsskulen vart lyst ut 2 gonger. 2 annonsar for avdelingsleiar i skule vart og lyst ut. 2 annonsar knytt til 2 stillingar som avdelingsleiar i Bu- og avlastingstenesta, 1 annonse for nestleiar i Helse, omsorg og sosial der 2 personar vart tilsett og 1 annonse knytt til einingsleiar for Osterøytunet sjukeheim. 1 annonse for leiar for PP-tenesta var og lyst ut.

Andre stillingar som er lyst ut i perioden som kan trekkjast fram er stilling som juridisk rådgjevar, lønsrådgjevar v/HR-avdelinga, rådgjevarstilling v/landbruk, driftskoordinator og digitaliseringskonsulent i Helse, omsorg og sosial samt 2 annonsar for vikarstilling som fastlege.

Av stillingar vi ser har vore særleg utfordrande å rekruttere til er det særleg høgskuleutdanna stillingar. Ein bustad i Bu- og avlastingstenesta, Reigstad bustad, har lyst ut stilling som miljøterapeut 4 gonger, utan å få tilsett kvalifisert personell. Her er det særleg vernepleiarkompetanse som er eit udekt behov. Det har og vore utfordrande å rekruttere inn sjukepleiarkompetanse i alle utlyste stillingar. Dette utløyser behov for bruk av vikarbyrå.

Vi ser og at det i 2023 også var høg turnover i barneverntenesta. I 2023 var turnover ved barneverntenesta i Osterøy kommune på 48%.

Som følge av overgang til nytt rekrutteringssystemet vil heile prosessen frå jobbanalyse til tilsetjing gå føre seg i eit system. Hovudtillitsvalde har eigne tilgangar til systemet og har på denne måten innsikt i rekrutteringsprosess, søkjarlister mv. for dei stillingane som er relevant.

HR-avdelinga har 2 tilsette som er sertifisert rekrutterarar gjennom ordninga DNV-GL for rekrutterarar. Dei same tilsette er og sertifiserte brukarar av godkjent testverktøy nytta i rekruttering, levert av Assessio. Kompetanse i faget rekruttering er sentral i kommunen sitt arbeid for å rekruttere rett kompetanse til rett stilling, noko som vidare vil og kan styrke omdømet til kommunen i dette arbeidet.

Leiarane ved dei ulike tenesteområda har tilsetjingsmynde og det er dei som gjennomfører og leiar rekrutteringsprosessane. HR-avdelinga bistår med aktiv rolle i rekruttering til leiarstillingar og andre sentrale nøkkelstillingar. HR-avdelinga rådgjer og rettleiar elles leiarar i andre rekrutteringsprosessar og har overordna kontrollfunksjon for arbeidsavtalar, for å sikre at tilsetjing til ei kvar tid er i tråd med lov- og avtaleverk.

HMT-arbeidet i kommunen

Det daglege HMT-arbeidet er delegert til leiarane i tenesteeiningane. Det overordna HMT-arbeidet blir koordinert av HR-avdelinga.

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) er sett saman av arbeidsgjevar- og arbeidstakarrepresentantar. AMU er eit overordna utval og skal behandle saker knytt til helse, miljø og tryggleik.

AMU har behandla nytt årshjul for HMT arbeidet. Årshjulet skal strukturere kva dei lokale partane skal drøfte på kvar arbeidsplass for å teke i vare HMT arbeidet lokalt.

AMU har elles behandla saker som t.d. avvik, sjukefråværsstatistikk, samarbeidsplanar med bedriftshelsetenesta, avtalt felles opplæring i HMT arbeid for medlemmer i AMU, verneombod og alle leiarane i organisasjonen. Opplæring skjer i 2024.

Frikjøp av Hovudverneombod (HVO) er auka i 2023 frå 20% til 40% frikjøp. Vidare er det lagt inn fekjøp på 10% til to AKAN kontaktar (kompetansesenter for å førebygge rus- og avhengigheits problematikk). Arbeidet med AKAN starta i 2022 og frikjøpet er ei styrking for å drive informasjon om AKAN og tiltak i organisasjonen. Det er HVO som koordinerer AKAN arbeidet med bistand frå HR-avdelinga.

Det har ikkje vore meldt inn saker gjeldande AKAN i 2023. IA-utvalet har hatt fire møter i 2023. IA-utvalet arbeidet på bestillingar frå AMU om å fylle målsettingane i avtalen om Inkluderande arbeidsliv. IA utvalet har i 2023

fokusert på gjennomgang og opplæring i sjukefråværsarbeid. Videre har utvalet tatt stilling til organisasjonen skulle forlenge avtalen og vedtatt å forlenge gjeldande handlingsplan. Det er utarbeidd årshjul for IA-arbeid for å strukturere samarbeidet mellom partane på arbeidsplassen. Rapportering på sjukefråvær frå einingane er i 2023 blitt ein del av månadsrapportering på økonomi i Framsikt. Det skal bidra til at leiarane får eit større forhold til tala og orienterer om kva tiltak som gjort oppover i organisasjonen. Statistikken er blitt meir detaljert enn tidlegare og gjerast tilgjengeleg månadleg framfor kvart kvartal.

Kompetansehevingstiltak om førebyggjande nærvær og oppfølging av sjukemeldte tilsette er eit kontinuerleg arbeid som blir vidareført i samarbeid med NAV arbeidslivssenter, som ein del av leirsamlingar og eigne temasamlingar i 2024.

Sjukefråvær

Sektor	2020	2021	2022	2023
Rådmann og stab	7,39	9,00	9,12	4,20
Oppvekst, undervisning og kultur	8,41	9,24	9,96	10,40
Helse, omsorg og sosial	10,37	10,75	11,99	11,90
Samfunnsutvikling	13,18	11,08	9,75	11,20
Totalt	9,57	9,99	10,77	10,80

Kommentar til utviklinga:

Sjukefråværet i organisasjonen er omlag likt som i 2022. Det har vore ei liten auke på i overkant av eit prosentpoeng i fråværet sidan 2020. Fråværet i 2023 er det høgaste sidan kommunen starta med fråværsstatistikk i 2012. Utviklinga i tal sjukemelde er uroande. Leiarane rapporterer på sjukefråvær og tiltak kvar månad saman med månadleg økonomirapportering i Framsikt. Overordna tal og tiltak blir drøfta med arbeidstakarorganisasjonane i IA-utvalet (inkluderande arbeidsliv) og arbeidsmiljøutval (AMU). Dei lokale parter i einingane skal og drøfta tiltak for å auke nærværet i tenesta. Arbeidet og tiltak som ble innført i 2022 med utarbeiding av nye rutinar, kompetanseheving og opplæring for leiarane i samarbeid med NAV arbeidslivssenter og bedriftshelsetenesta er vidareført i 2023.

Sektor oppvekst undervisning og kultur og sektor samfunnsutvikling har hatt ei auke i fråværet. Sektor helse omsorg og sosial er stabilt lik 2022 mens fråværet i stabseiningane er redusert. Fråværet er i stor grad stabilt samanlikna med tal i 2022.

Nasjonale tal viser at det er muskel- og skjelettlidingar (34,5%) og psykiske lidingar (25,2%) som utgjer den største delen av tapt dagsverk. Samstundes auke sjukefråværet mest i aldersgruppe 30-34 år og gjeld sjukefråvær med psykiske lidingar. Det er ei utvikling organisasjonen også ser lokalt.

Bruken av eigenmelding har ei liten reduksjon frå 1936 tilfelle i 2022 til 1913 eigenmeldingar i 2023. Det er framleis inntil 3 samanhengande dagar som blir nytta mest. Auken av fråvær i kalenderdagar på grunn av eigenmeldingar er redusert frå 3973 i 2022 til 3610 i 2023. Samstundes var det ei stor auke i kalenderdagar frå 2021 - 2021 frå 2955 kalenderdager til 3973 kalenderdagar. Høg bruk av eigenmelding er ei positiv utvikling framfor at den tilsette nyttar sjukemelding frå lege.

AMU og IA-utvalet arbeider systematisk med fråvær. Det er innført forenkla retningslinjer for oppfølging av sjukemelde, støttesamtalar med Bedriftshelsetenesta i førebyggingsarbeidet og er tema i leiarutviklingsprogram. Kommunen arbeider systematisk med leiarutvikling, leiarverktøy og å byggje relasjonell kompetanse for å førebyggje og redusere fråværet.

Bedriftshelseteneste

Salutis HMS leverer tenester om bedriftshelsetenester til Osterøy kommune.

Bedriftshelsetenesta har i 2023 vore aktivt nytta til oppfølging av krevjande sjukefråværsaker gjennom ordninga ekspertbistand. Framleis har organisasjonen eit potensiale til å nytte eksterne aktørar i slike saker gjennom ordninga ekspertbistand. Årsrapporten viser eit auka behov kring tenester som oppfølging av sjukefråvær, ergonomiske vurderingar og psykologbistand.


Kommunen har nytta en del økonomiske midlar til å kjøpe kurs og kompetanseheving gjennom BHT. I utgangspunktet skulle slike tiltak bli dekkja gjennom sektorane eller einingane sine egne budsjett. Salutis HMS tilrådde at satsinga på kurs og systematisk HMT arbeid blei vidareført i 2023. Kurs og undervisning og i større grad vore gjennomført som samla tiltak framfor i den enkelte eining for å få mest ut av dei økonomiske midlane.

Ein del av budsjettet har vore knytt til lovpålagte tenester som helseundersøking, samt deltaking på møter i årlege samarbeidsmøte, AMU og IA (systematisk HMT arbeid)

Sektorane utarbeider egne handlingsplanar med prioriterte samarbeidsområde saman med Bedriftshelsetenesta. Tiltaka blir prioritert i kommunen sitt Arbeidsmiljøutval (AMU). Kommunen har fått levert tenester for 320 timer til ein sum på 399.821 hos Bedriftshelsetenesta. Det er ei liten nedgang frå 2022 då kommunen kjøpte tenester for totalt 422 timar. omlag 25-30% av kjøpe tenester faller inn under ordninga ekspertbistand og blir refundert frå NAV. Tenestene som er kjøpt er innan område som t.d. deltaking i ulike møte og utval, oppfølging av sjukefråvær og ekspertbistand i samråd med NAV, bistand i form av samtalar og kurs, HMT-opplæring av leiarar og verneombod og yrkeshygieniske målingar, psykologbistand og kompetansehevande tiltak.

Bedriftshelsetenesta og NAV arbeidslivssenter vil bidra kommunen ytterlegare i 2024 i arbeidet med førebyggjande arbeid med oppfølging av sjukefråvær og bistand i saker om sjukefråvær i einingane gjennom ekspertbistand.

Kommunen sine utgifter til kjøp av tenester frå BHT er om lag som budsjettet.



Kvalitetssystem

Kommunen innførte nytt kvalitetssystem i 2021 «Netpower» som erstatter det tidlegare kvalitetssystemet levert av Kommuneforlaget. Systemet blei innført og testa ut i einingane i perioden oktober til november 2021.

Organisasjonen har arbeidet vidare med å utvikle kvalitetssystemet Netpower. Einingane har implementert og revidert fleire rutinar og det nye avvikssystemet mottek avvik delt mellom sektorane. Det er framleis nokre utfordringar med å få meldt inn avvik digitalt dersom den tilsette ikkje har direkte tilgang til elektronisk kommunikasjon t.d. pc eller mobil. Utviklinga i systemet er positivt og arbeidet med vidareutvikling blir vidareført i 2024.

Medarbeidarundersøking

Kommunen nyttar KS 10-faktor si medarbeidarundersøking. Undersøkinga blir gjennomført anna kvart år og blei sist gjennomført hausten 2023. Neste gjennomføring av undersøkinga skjer i 2025.

KS 10-faktor sin medarbeidarundersøking består av 10 ulike faktorar som blir målt. Faktorane er utvikla og basert på forskning. Kommunen har arbeidd med satsingsområde som var felles for organisasjonen 1) Meistringsorientert leiing og 2) Rolleklårleik. Kommunen skårar betre på begge faktorar i 2021 enn me gjorde i 2018 og betre på totalt 4 av 10 faktorar.

Oppfølging av KS-10 faktor medarbeidarundersøking var ein del av leiarutviklingsprogrammet i 2021 med bistand frå KS-konsulent. I 2023 blei opplæringa og gjennomgangen gjennomført lokalt med representantar frå HR-avdelinga.

Årsmelding 2023

Navn	10-FAKTOR 2023	Norge	Beskrivelse
	4,1	4,2	Motivasjonen for oppgavene i seg selv, det vil si om oppgavene oppleves som en del av jobben (Også kalt indre jobbmotivasjon)
	4,2	4,3	Mestringstroen gjenspeiler hver enkelt medarbeiders tiltro til egen kompetanse og evne til å mestre i jobbsammenheng.
	4,1	4,3	Medarbeidernes opplevelse av å ha mulighet til å jobbe selvstendig og gjøre egne valg innenfor egen kompetanse, og innen en definert jobbrolle.
	4,1	4,2	Medarbeidernes opplevelse av å få brukt egen jobbrelevante kompetanse på en god måte
Ledelse	3,9	4,0	Ledelse som vektlegger at den enkelte medarbeider skal få utvikle seg og bli best mulig i jobben. Medarbeideren opplever mestring og yter sitt beste.
	4,0	4,3	Høy rolleklarhet innebærer at forventningene til den jobben medarbeideren skal gjøre, er tydelige og realistiske.
Kompetanseutvikling	3,5	3,7	Relevant kompetanseutvikling er avgjørende for at medarbeiderne til enhver tid er kompetente til å utføre jobben med høy kvalitet, og er avgjørende for kvaliteten på de tjenester som leveres, uansett om de er direkte relatert til jobben.
	4,4	4,4	Medarbeiderens villighet til å være fleksibel på jobb og tilpasse sin måte å jobbe på til endringer i jobben.

Årsmelding 2023

	4,0	4,1	I et mestringsklima motiveres medarbeiderne av å lære, utvikle seg og gjøre hverandre
	4,5	4,7	Motivasjon for å gjøre noe nyttig og verdifullt for andre, også kalt prososial motivasjon, har vært en rekke godt dokumenterte, positive effekter.

Likestilling

Tabell kjønnsbalanse og løn pr tenesteområde

Likestilling		Kjønnsbalanse			Gjennomsnitt årsløn i full stilling (i 1000 kr)	
Sektor	År	M	K	Tilsette	M (kr/%)	K (kr/%)
Totalt i kommunen	2018	19,04 %	80,86 %	793	491/100	447/91
	2019	19,75 %	80,25 %	790	510/100	467/92
	2020	18,40 %	81,60 %	810	520/100	484/93
	2021	18,55 %	81,45 %	785	530/100	489/92
	2022	18,22 %	81,78 %	796	549/100	503/92
	2023	16,03 %	83,97 %	836	582/100	538/92
- Elevane sitt læringsutbyte dei først åra kunne vi ønskt var betre innanfor dei grunnleggjande dugleikane lesing, rekning og engelsk. Det er viktig å ha riktige ambisjonar for elevane. Barnehagar og skular har over år arbeidd målretta med språkutvikling. For skule vil ressurstildeling bli satt fokus på 1.-4 trinn i samband med tidleg innsats.
- Fråvær har skapt utfordringar for drifta i fleire avdelingar. Barnehage og skule har vore spesielt råka.
- Det er utfordrande å oppretthalde stabile tenester ut mot samarbeidspartar, skular og føresette for PPT med stadige vakansar gjennom 2023, og vidare inn i 2024.
- Det er mange nye fagområde som skal implementerast på Kultursmia og Ressurssenteret. Dette er krevjande for leiarar og tilsette. Vi er framleis i etableringsfase, men ser òg effekt på fagområda.
- Læringssenteret har utfordringar med plass både til opplæring og introduksjonsprogram, samt med lagerplass til møblar og inventar.
- Rekruttering av barnehagelærarar og lærarar i skulen har vore jamt over vanskeleg. (Rekruttering er utfordrande over heile sektoren og bør skrivast som eit overordna punkt her - det gjeld ikkje berre lærar og barnehagetilsette)

Viktige hendingar

Årsmelding 2023

- Oppvekst undervisning og kultur sine leiarar har hatt fleire samlingar gjennom året der ein saman analyserer utfordringar, arbeider målretta og styrkjer i tenestetilbodet. Det er utarbeidd ein strategi for «Osterøy på sitt beste» som er forankra i leiargruppa.
- Heradsstyret skal vedta ein plan for arbeidet til kommune for å førebyggja omsorgssvikt og åtferdsvanskar. Kravet om ein slik plan er frå 01.01.2022. Det vart i 2023 starta eit arbeid med å utarbeide førebyggjande plan. Denne skal vedtakast i kommunestyret våren 2024. [\[KV2\]](#)
- Det er etablert samarbeid med Høgskulen NLA om «Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis». I 2024 vil leiarar og tilsette gjennomføre kompetanseutvikling for tilsette i sektoren. Dei private skulane er også invitert inn i dette arbeidet for å skape likeverdig tilbod for alle borna i Osterøy kommune.
- Før skulestart august 2023 var alle tilsette i skule samla til ein felles utviklingsdag omkring språk og lesing. Målet var å auke forståing og samkøyring av tiltak for å auke lesekompetansen til elevane etter leseplanen som er etablert for Osterøyskulen.
- Barnehagane har deltek i eit forskingsprosjekt saman med Høgskulen på Vestlandet for å sjå korleis fysisk aktivitet påverkar læring. Prosjektet heiter Move Early.
- Barneverntenesta har pågåande prosess i 2023 og 2024 med organisasjon og tenesteutvikling i samarbeid med KS konsulent.
- Osterøy kommune har signert avtale med NUBU (Nasjonalt utviklingssenter for barn og unge) om å verte ein TIBIR kommune (Tidleg innsats for barn i risiko). Målsettinga med TIBIR er å førebygge og avhjelpe åtferdsproblem på eit tidleg tidspunkt, samt å bidra til å utvikle barns positive og prososiale åtferd. I 2023 har me starte eit kompetanseløp for tre tilsette ved barn og familieteamet hjå familiens hus for å verte PMTO terapeut (Parent management training Oregon)
- Osterøy kommune har i 2023 fått innvilga tilskotsmidlar til tidleg identifikasjon. Her skal kommunen utvikle tenestemodell for samhandling med ein handlingsrettileiar kalla BTI (Betre tverrfagleg innsats). Prosjektet kjem i gong i 2024. [\[KV3\]](#)
- Det har vore regionale kompetansehevingstiltak både for skule og barnehage med tema inkludering og fellesskap for alle.
- 3-partssamarbeidet er styrka i dei einskilte einingane gjennom systematisk arbeid i organisasjonen.
- Kultur og mangfald har vore aktiv for å få på plass ein del planar i kommunen. Eksempelvis har det vore jobba med Friluftslivets ferdelsårer, Forvaltningsplan for Kossdalen, Kulturminneplan med meir.
- Ressurssenteret ved kulturskulen har gjennomført «Blås i skulen» for alle elevar på 4. trinn i 2023. Det er òg jobba med lokal rammeplan.
- Læringscenteret har hatt fokus på elevmedverknad i vaksenopplæringa, og har fått oppretta elevråd. Det er fokus på eit trygt og godt arbeidsmiljø for både elevar og tilsette.

Status økonomi

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
300-Felles oppvekst	103	61	-382	-443	-115,9 %
310-Skule	103 687	108 308	104 214	-4 094	-3,9 %
320-Barnehage	69 123	72 129	72 289	160	0,2 %
330-Familiens hus	32 838	37 295	29 181	-8 114	-27,8 %
340-Kultur og mangfald	5 499	12 697	12 202	-495	-4,1 %
Sum	211 251	230 490	217 504	-12 986	-6,0 %

Kommentar til status økonomi

Barnehage: Til tross for at vikar-pool vart innført har tenesteområdet balanse. Tenesteområdet har samla sett vore godt drifta og hatt god økonomistyring.

Skule: For skule er det eit meirforbruk på ca. 2 millionar for spesialundervisning på privatskular. Kommunen har saman med privatskulane og Norsk Lærarakademi sett igang "Kompetanseløftet for spesialundervisning og inkluderande praksis." Målet med denne kompetansehevinga er at elevar får likeverdige og inkluderande tenester uavhengig av kva skule dei går på.

Det er ca. 1, 4 millionar i manglande inntekter til SFO. Manglande inntekter i SFO heng saman med gratis SFO tilbod til 1. og 2. trinnselevar inntil 12 timar kvar veke. Vedtak i Stortinget om gratis SFO i 2. trinn kom etter at kommunen sitt budsjett var vedteke. SFO er ikkje sjølv-finansiert og staten sin del dekkar berre foreldredelen av finansiering. Neste skuleår vert denne ordninga utvida til elevar i 3. trinn.

Kultur og mangfald: Overforbruk heng saman med politisk løyving til Valestrand Hjelvik fotballklubb til rehabilitering til kunst-grasdekke på 500 000 som skulle takast over disposisjonsfond. Kultur og mangfald har strame budsjett og blant anna frivilligsentralen er finansiert ved integreringsmidler.


Familiens hus: Meirforbruket er i hovudsak i barnevernet og skuldast tiltak utanfor heimen på 4,35 millionar, ettervern på 1,95 millionar og tiltak i familien på 400 000. Det er i tillegg auke i kostnader til pensjonar. Dei tiltaka som har kome til i året ar i hovudsak avslutta og tenesta har arbeidd med å redusere saksmengda slik at den er tilnærma lik snittet for KOSTRA gruppa vi kan samanlike oss med. Vi ser i ettertid at budsjetteringa på dette området var feil.

Barnevernstenesta er idag besett med dei stillingane som er i tenesta. Saksmengd og tilgjengeleg personell skal gje ei forsvarleg saksgang på sakene også i eit økonomisk perspektiv.

Grafar Økonomi


Driftsutgifter og inntekter (graf)

Årsmelding 2023



Detaljvisning drift (graf)

Årsmelding 2023



KOSTRA Nøkkeltal

	Osterøy 2022	Osterøy 2023	Gausdal	Sveio	Sula	Marker	Hole Str
Prioritet							
Grunnskole brutto driftsutgifter andel av totale utgifter (prosent)	13,9 %	13,4 %	12,5 %	16,4 %	16,3 %	12,5 %	20,0 % 15

Status politiske planer

Sektor/Eining	Vedtak ^[RM1] ^[OH2]	Status 31.12.2023
Skule	Reduksjon av årsverk	Er gjennomført 1.8.23.
Kultur og mangfald	Busetjing av 65 flyktningar i året.	Kommunen hadde oppfylt anmodning frå IMDI november 23.

Årsmelding 2023

Barnehage	Tilpasse drifta til nedgang i barnetal	Etter plan pr 1.8.23
Familiens hus	Tilpasse drift til budsjett.	Barnevernet var feilbudsjettet meg tiltak utanfor heimen. Dette er jusstert inn til budsjett 2024.

Innsparingstiltak status :

Oppvekst

Sektor/Eining	Vedtak	Status 31.12.2023
Skule	Reduksjon av 10 årsverk	Er gjennomført 1.8.23.
Kultur og mangfald	Busetjing av 59 flyktningar i 2023.	Vedtak: 60. Vi takka ja til 61, to personar takka nei.
Barnehage	Tilpasse drifta til nedgang i barnetal	Etter plan pr 1.8.23
Familiens hus	Tilpasse drift til budsjett.	Barnevernet var feilbudsjettet meg tiltak utanfor heimen. Dette er jusstert inn til budsjett 2024.

Innsparingstiltak status :

Oppvekst, undervisning og kultur har gjort dei fleste innsparingar som låg i budsjettet for 2023. Skule har hatt eit meirforbruk i 2023. Dette skuldast at elevar med spesielle behov auka i året. Sektoren har tatt inn ein ny lærling frå august 23. Bemanningssituasjonen i barnevernet har vore vanskeleg, men er tilfredsstillande 31.12.23.

Barnevernet har ikkje klart innsparingstiltaka i 2023. Dette er justert opp mot KOSTRA tal for samanliknbare kommunar i budsjett for 24.

Kultur og mangfald hadde meirforbruk i 2024, dette løyste ein ved å bruke fondsmidlar for å saldere.

Konsekvensar for drifta :

Vikarsituasjonen i barnehage og skule har gjort at ein ikkje har tilgjengeleg personell å sette inn når fast tilsette har ferie, permisjon eller sjukefråvær. Vikarpoolen i barnehage gjorde at tidleg på hausten fekk ein stetta vikarbehov, men seint på hausten vart det vanskeleg å hente inn nok vikarar. Det har medført auka press på dei tilsette i ein allereie pressa situasjon. Dette kan vere ein grunn til auka sjukefråvær., undervisning og kultur har gjort dei fleste innsparingar som låg i budsjettet for 2023. Skule har hatt eit meirforbruk i 2023. Dette skuldast at elevar med spesielle behov auka i året. Sektoren har tatt inn ein ny lærling frå august 23. Bemanningssituasjonen i barnevernet har vore vanskeleg, men er tilfredsstillande 31.12.23.

Barnevernet har ikkje klart innsparingstiltaka i 2023. Dette er justert opp mot KOSTRA tal for samanliknbare kommunar i budsjett for 24. Våren 24 vil barnevernssamarbeidet ha gjennomgang og analyse av KOSTRA-tall saman med KS Konsulent. Målet er å sjå utviklinga tilbake 3 år og skape grunnlag for riktig og effektiv drift av tenesta.

Konsekvensar for drifta :

Vikarsituasjonen i barnehage og skule har gjort at ein ikkje har tilgjengeleg personell å sette inn når fast tilsette har ferie, permisjon eller sjukefråvær. Vikarpoolen i barnehage gjorde at tidleg på hausten fekk ein stetta vikarbehov, men seint på hausten vart det vanskeleg å hente inn nok vikarar. Det har medført auka press på dei tilsette i ein allereie pressa situasjon. Dette kan vere ein grunn til auka sjukefråvær.

Årsverk

Tabell :

Eining	31.12.2023	31.12.22	31.12.2021	31.12.2020	31.12.2019
Barnehage	89,42	89,42	88,9	93,8	93
Familiens hus	30,5	29,6	22,7	23,7	22,7
Kultur og mangfald	23, 54	24,4	16,6	19,06	
Skule	126,92	136,17	137,6	140	138,2

Kommentar til utviklinga:

Barnehagane har optimalisert drifta. Bemanning i barnehage er styrt av pedagog og bemanningsnorm. Familiens hus har hatt utfordringar med å rekruttere personell til barnevernet. Auken i stillingar er grunna samanslåing av barnevern og at dei ledige stillingane no er tilsette i. I tillegg er det ei stilling som er vikar for tilsett i permisjon.

Kultur og mangfald har stabil bemanning i 2024, men fleire stillingar er gjort faste grunna krigen i Ukraina og ei lovendring i lovverket som gjer at ein ikkje hadde heimel til å ha disse stillingane midlertidige.

Skule har redusert med årsverka som låg inne i budsjettet.

Det auken i personell i Helsestasjon og barne og familie-teamet er gjort med inndekking i integreringsmidlane.

Helse, omsorg og sosial

Skildring av tenesteområdet

Sektoren sine oppgaver

Tenesteyting: Sektoren skal sørge for at personar som oppheld seg i kommunen, får tilbod om nødvendige helse-, omsorgs- og sosiale tenester. Sektoren sitt ansvar omfattar alle pasient- og brukargrupper; personar med somatisk eller psykisk sjukdom, skade eller liding, rusmiddelavhengigheit, sosiale utfordringar eller funksjonsnedsetjing.

Einingar: Sektor helse, omsorg og sosial er delt opp i 5 einingar.

- **NAV Sosial** - Dei sosiale tenestene i NAV skal sørge for opplysning, råd og rettleiing, her-under økonomisk rådgjeving, økonomisk stønad, midlertidig bu-tilbod og individuell plan.
- **Osterøytunet** - Sjukeheim er eit bu- og omsorgstilbod som er berekna for personar med omfattande og ofte langvarige helse- og omsorgsbehov som ikkje lenger kan bu i eigen heim. Osterøytunet har i tillegg korttidsavdeling og avlastingsplassar. Ergo-fysioterapiavdeling m/hjelpemiddellager, samt kjøkken er knytt til sjukeheimen.
- **Heimetenesta** - Denne tenesta yter tenester i heimen gjennom heimesjukepleie og praktisk bistand. Tenesta drifrar Hauge bufellesskap som ligg vegg i vegg med sjukeheimen. I tillegg drifrar dei saman med Osterøy Demensforening dag-tilbodet for personar med demens i Haldorvika. Forvaltningstenesta og digitaliseringskonsulent blir leia av heimetenesta.
- **Psykisk helse- og rusomsorg** - Tenesta er delt mellom lågterskeltilbod til dei med milde og mildare utfordringar og tilbod til dei med alvorlege og langvarige lidingar. I tillegg er det bufellesskap knytt til tenesta for personar med psyksiske lidingar.
- **Bu- og avlastningstenesta** - Butilbod til menneske med nedsatt funksjonsevne er hovuddelen av drifta innan denne tenesta. I tillegg yter tenesta avlastingstilbod og dagtilbod. Det største dag-tilbodet til denne gruppa blir drifta av OPRO AS.

Sektorleiing:

- **Legetenesta:** Etter nedlegginga av eining Helse i 2023 vart leiing av legetenesta lagt til sektorleiinga. Dette gjeld og oppfølging av legevakt der Osterøy kommune har avtale med Nordhordland legevakt på kveld og helg-/høgtidsdagar.
- **Elevar, lærlingar og studentar:** Kommunen samarbeider med Osterøy vidaregåande skule i samband med praksisplassar for alle elevane innan helsefag. Kommunen har årleg opptak av nye lærlingar og tek anna kvart år opp ny TAF lærling. I tillegg legg sektoren til rette for studentpraksis innan fleire områder både for høgskule og universitet.
- **Utviklingsprosjekt:** Prosjekta *Omsorg +* og *Tid for handling* ligg til sektorleiinga. *Omsorg +* omhandlar utbygging av omsorgsbustadar og demenslandsby med tilhøyrande administrasjonsbygg for å møte den veksten som kjem i forhold til tal eldre framover. *Tid for handling* er sektoren sitt utviklingsprosjekt og har fleire mål som følgjer av NOU rapporten *Tid for handling* som kom i 2023. Dette er eit viktig arbeid for å sikre kapasitet i tenestene i møte med auke i tal eldre og nedgang i tal personar i arbeidsfør alder framover.

Året 2023

Måloppnåing - kva fekk vi til og kva fekk vi ikkje til:

- Overgang til nytt journalsystem for heile sektoren frå 01.01.2023
- Nestleiar starta opp i august 2023
- Oppretta stort nytt prosjekt - *Tid for handling* - med bakgrunn i NOU rapporten *Tid for handling* som viser til framtidens utfordringar med knappheit på helsepersonell og auka oppgåver.
 - Korleis kan i sikre kvalitet på tenester, korleis sikre at vi har rett kompetanse på rett oppgåve - til dømes oppretting av sjukepleiarteam på Heimetenesta og Osterøytunet
 - Oppretting av driftsansvarleg sjukepleiar og kartleggingsteam i heimetenesta
 - Oppretting av langvakt 12,5 og 14 timar på helg
 - Ruteplanleggar og mobilomsorg som nye hjelpemiddel for dei tilsette
 - Fokus på psykososialt arbeidsmiljø "kva er viktig for deg" - verdidokument i heimetenesta
- Oppstart av leiarutviklingprogramet *ledelse og heltidskultur* saman med KS Agenda som støtta opp om arbeidet rundt *Tid for handling*. Dette prosjektet vert avslutta i 2024.
- Gjennomføring av læringsnettverket - Gode pasientforløp. Nettverket var forankra i samarbeidsutvala i Vestland. Målet med arbeidet var å sikre brukarane sitt behov for å møte heilskaplege, koordinerte og trygge tenester.
- Oppstart av læringsnettverket - Pårørandesamarbeid med avslutning av 2024. Mål om betre informasjon til pårørande til personar med demenssjukdom. Eit prosjekt som vil kunne gi meirverdi i form av å betre informasjon til pårørande også i andre grupper.
- Deltaking i fagnettverk for tenester til personar med utviklingshemming. 34 kommuner deltek i fagnettverket. Fagnettverket har fokus på FN- konvensjonen om rett til menneske med nedsett funksjonsevne og den nye rettleiaren frå helsedirektoratet om gode helse- og omsorgstjenester til personer med utviklingshemming. Målsetting med deltaking i nettverket er kunnskap om og implementering av ei tenestelevering som bygger på nasjonale føringar og faglege anbefalingar, læring av erfaringsdeling og vurdering av eigne tenester opp mot lovkrav og faglege anbefalingar.
- Overgang til aukande grad kursverksemd med angstkurs og kurs i ulike meistringsstrategiar
- Betre rutinar og tettare samarbeid rundt forvaltningstenesta når den vart flytta til heimetenesta.

Utfordringar:

- Revidering av kommunedelplan for helse, omsorg og sosial er ikkje starta opp pga kapasitetsutfordring i sektorleiinga
- Store kostnader knytt til fråvær av lege på Valestrand legekantor pga vikarutgifter. Denne situasjonen var i stor grad ressurskrevjande for administrasjonen helse og omsorg i 2023
- Kapasitetsutfordringar i store delar også av 2023 i sektorleiing pga fråvære av nestleiar sidan mai 2021. Leiartettleiken i helse, omsorg og sosial er låg og dette blir krevjande spesielt sett opp mot arbeid med sjukefråværet som er stort. Men det er og ei utfordring i ei tid med overgang til nye datasystem, fleire oppgåver som blir lagt til leiarleddet i tildømes tilsettingsarbeid m.m

- Høgt sjukefråvær, langtidsfråvær som er lite relatert til arbeidsforhold. Det er utarbeidd gode rutinar for oppfølging av fråvær og bruk av svangerskapspengar/ekspertbistand som blir nytta.
- Nytt journalsystem skapte i 2023 mykje meirarbeid i form av opplæring, systemutfordringar, mykje grunnarbeid med malar og oppsett osv. Overgang til nytt rekrutteringssystem og arkivsystem auka og meirarbeidet for leiarleddet hausten 2023.
- Det er fortsatt utfordringar i tverrfagleg samarbeid på tvers av einingar og sektorar. Eit døme på det er bruken av kvardagsrehabilitering som fortsatt er låg i Osterøy kommune
- Tal betalingsdøger på sjukehus og bruk av sengeplassar i anna kommune har vore høgt. Gruppe 5 på Osterøytunet vart først opna i 2024 pga utfordringar med rekruttering av personell.
- Rekruttering av vernepleiarar og sjukepleiarar i tenestene har vore særskild utfordrande og medført fleire 2. gongs utlysingar i ulike einingar. Men ein ser td i Bu- og avlastning at tal søkjarar med pedagogisk utdanning og anna helsefagleg bachelor utdanning aukar. Dette gir ei auka tverrfagleg kompetanse i eininga. Ein ser og at i tenester med døgnturnus er innsøking til stillingar gode. I psykisk helse og rusomsorg har det tildels vore mykje turnover sett opp mot at det er ei lita eining.
- Rekruttering av vikarar i tenestene. Einingane har hatt store kostnader knytt til fråvær hjå faste tilsette, mangel på vikarar har gitt auka arbeidsbelastning på fast tilsette og store overtidskostnader.
- Bu- og avlastningstenesta har i 2023 hatt store utfordringar knytt til kapasitet og stabilitet i leiarleddet grunna fråvære og nytilsetting/ turn-over. Eininga har løyst dette med overføring av meir ansvar/ oppgåver til einingsleiar og konstituering i leiarstilling for fagrådgevar og miljøterapeut i tenesta.
- Det har i 2023 vore ei stor auke i tal søkarar inn til psykisk helse og rusomsorgstenesta.
- Utprøving av velferdsteknologi kan fortsatt bli betre
- Nedlegging av eining Helse og omorganisering av forvaltningstenesta har gitt auka oppgåver ut til einingane og har skapt ein del ekstra arbeid i 2023.

Viktige hendingar:

- Organisasjonsendring ved å legge ned eining Helse og flytte forvaltning til heimetenesta og ergo-fysioterapitenesta til Osterøytunet vart gjennomført på nyåret i 2023.
- Prosjektet Omsorg + vart starta opp i mars 2023
- Digitaliseringskonsulent vart tilsett og starta opp i juni. Denne tilsettinga gav umiddelbar effekt på fleire områder innan digitalisering og den vil gi eit godt fundament for vidare utvikling innan mellom anna velferdsteknologi.
- Oppretting av ny nestleiarstilling - fungerande frå 2024
- Ressurstilpasning ved Solplassen bustad og Peraplassen bustad med effektivering frå 1.Mai 2023.
- Organisasjonsendring ved å overføre ambulante tenester til eininga si avlastingsbustad. Endringa sikrar auka kompetanse og større stillingar for ambulante tenester og avlastingsstenester. Effektivering frå januar 2024.
- Ressurstilpasning ved Botiltak Raknes med effektivering frå januar 2024, redusert med 2,55 årsverk.

Status økonomi

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
400-Felles Helse, omsorg og sosial	3 362	2 906	3 986	1 079	27,1 %
410-Helseteneste	22 302	25 915	21 608	-4 307	-19,9 %
430-NAV sosial	11 540	14 150	14 696	546	3,7 %
501-Osterøytunet	72 955	83 507	70 262	-13 244	-18,8 %
502-Heimeteneste	48 105	53 488	50 142	-3 346	-6,7 %
503-Psykisk helse og rusomsorg	15 170	14 525	16 527	2 002	12,1 %
505-Bu- og avlastningstenesta	62 133	62 805	61 327	-1 478	-2,4 %
Sum	235 566	257 297	238 549	-18 748	-7,9 %

Kommentar til status økonomi

Felles Helse, omsorg og sosial

Mindreforbruk 1 080 000

Mindreforbruk på felles helse, omsorg og sosial på bakgrunn av vakant nestleiarstilling fram til august 2023. Innkjøp av kompetanseprogram og turnusprogram har gitt meirforbruk på lisensar på felles for 2023. Bruk av rekrutteringsbyrå for einingsleiarstillinga på Osterøytunet har bidratt til auka utgifter på tilsettingsområdet.

Helseteneste

Meirforbruk 4 307 000

Legetenester har meirforbruk på omlag 4 000 000 i 2023. Årsaka ligg i vikarbyråutgifter for lege i langtidsfråvær dette året. På grunn av låg legedekning på Osterøy har det ikkje vore mogleg for resterande legar å dekke opp for denne stillinga. Stillinga har vore lyst ut for å få inn ordinær vikar, men det har ikkje vore nokon aktuelle søkarar til stillinga. Omlegging av basistilskotet til fastlegane 1.mai har gitt eit overforbruk på 715 000. Avrekning for 2022 som er ført i 2023 og auka kostnad til legevakt har gitt ein meirkostnad på 443 000 på legevaktsfunksjonen.

På grunn av organisasjonsendring på Helse har organisasjonen ikkje klart å forvalte fritidskontaktar, omsorgsstønad og besøksheim i god nok grad, noko som gjer eit mindreforbruk på desse postane. Dette er utfordrande då tenester som regel blir ført over på andre tenester som både er pressa og gir auka kostnader.

Det var ikkje budsjettetert med koronautgifter for 2023. Dette har ført til ei meirutgift på 192 000 på bakgrunn av vaksiner, løn til vaksineringspersonell og lisens på journalsystem knytt til vaksining.

NAV sosial

Mindreforbruk 546 000

Det er overført midlar som kompenserer for auka utgifter knytt til flyktningar, men dette kompenserte ikkje fullt ut dei store sosialhjelpsutgiftene mot slutten av året. Det blir likevel mindreforbruk som følge av mindreforbruk på Kvalifiseringsprogrammet samt sjukefråvær utan å ta inn vikar.

Osterøytunet

Meirforbruk 13 200 000

Årsak til meirforbruk er i stor grad knytt til kjøp av liggedøger knytt til utskrivningsklare pasientar i sjukehus og kjøp av sjukeheimsplassar i Samnanger totalt omlag 6 350 000. Resterande er i hovudsak knytt til kjøp av vikartenester. Omsorgspermisjon/uløna omsorgsperm på sjukepleiarar har totalt vært på 7,2 årsverk i 2023 og ein stor del av dette har ein måtte nytte vikarbyrå i pga manglande rekruttering i vikariatstillingar. Det var utfordrande å få tak i nok personell sommaren 2023 og dette gjorde at ein også i ferien måtte ta inn frå vikarbyrå, noko ein i mindre grad har gjort tidlegare år. Alle avdelingar har overforbruk på overtid. Årsak er at tilsette går i overtid for å dekke inn fråvær samt å sikre personell i avdeling med stor grad av uro. Ergo-fysioterapi har eit mindreforbruk på omlag 800 000 på bakgrunn av økt refusjon på behandling og sjukelønsrefusjon.

Heimeteneste

Meirforbruk 3 346 000

Årsak til meirforbruk er vikarbyrå. Det har også vore auka utgifter inn mot medisinske forbruksvarer, avgifter/geyr/lisenser, samt utgifter ifbm ombygging av kontorlokale i Familie- og omsorgssenteret.

Psykisk helse og rusomsorg

Mindreforbruk 2 002 000

Årsak er vakansar i psykiatritenesta der det ikkje er satt inn vikar i stillingane. Det har i Raus vore overforbruk grunna vakansar i samband med oppseiing og langtidssjukefråvær som har blitt dekket av vikar og overtid. Det har også i vore nytta ekstra bemanning i bustad pga behov hjå bebuarane.


Bu- og avlastningstenesta

Meirforbruk 1 478 000

Hovudårsak er lønnskostnadar knytt til sjukefråvære. Det har vore utfordrande å rekruttere nok vikarar, dette gir auka overtidskostnadar i eininga. Endring i ein bustad har kravd oppbemanning frå 2 til 3 tilsette på vakt. To andre bustadar har endring i vedtak kombinert med høgt fråvære eller høgt fråvær kombinert med vakanse som gir auka lønnskostnadar.


Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)

Årsmelding 2023



KOSTRA Nøkkeltal

	Osterøy 2022	Osterøy 2023	Gausdal	Sveio	Sula	Marker	Hole	Stryn
Produktivitet								
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass *)	1 759 548	1 644 708	1 442 600	1 353 038	1 300 400	1 607 095	1 991 526	1 675 525
Utgifter per beboerdøgn i institusjon	5 262	5 827	5 225	5 299	6 754	5 043	8 331	5 236
Kvalitet								
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	100,0 %	96,9 %	95,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %

*) Inflasjonsjustert med deflator

Status politiske planer

Årsmelding 2023

Innsparingstiltak status :

Helse, omsorg og sosial

Sektor/Eining	Vedtak	Status 31.12.2023
Helse	Reduksjon 1 årsverk - einingsleiar	Gjennomført 06.03.23
NAV	Opprette to flyktningestillingar	Gjennomført
Osterøytunet	Reduksjon 15,5 % stilling helsefag - bruke lærling inn i stillinga	Gjennomført
	Reduksjon 50 % stilling helsefag - bruke lærling inn i stillinga	Gjennomført
	Kutte ekstravaktbudsjett	Gjennomført
	Reduksjon vikarbyråbudsjett	Ikkje gjennomført. For lavt budsjettet. Overforbruk grunna mangel på kompetanse i ledige stillingar/vikariat, samt behov for vikarbyrå i ferieavvikling
	Reduksjon overtid avd.leiar	Gjennomført. Ny avtale om leiarfri kom på plass hausten 2023.
	Innsparing medisinsk forbruksmateriell	Ikkje gjennomført, fort lavt budsjettet, samt økte utgifter ved ny avtaleinngåing i Bergensanbudet.
	Auke brukarbetaling	Gjennomført
	Effektivisering drift bruk av sjukevikar	Ikkje gjennomført pga fråvær i leiarleddet og kapasitetsutfordring knytt til innføring av nytt journalsystem
	Diverse nedtrekk	Gjennomført
Heimetenesta	Reduksjon 0,5 årsverk merkantil	Gjennomført
	Reduksjon sjukevikarbudsjett	Gjennomført
	Reduksjon vikarbyråbudsjett	Ikkje gjennomført - har vore behov for å dekke inn mellom 3- 4 årsverk sjukepleiar frå vikarbyrå for vakansar/langtidsfråvær i mellom 5 -7 årsverk.
Psyk helse rus	Reduksjon 0,4 årsverk bustad	Gjennomført
	Auke refusjon ressurskrevjande tenester grunna ny fordeling nattevaktressurs RAUS	Gjennomført
	Trekke ned 40 % mellomvakt bustad	Gjennomført
	Refusjon ressurskrevjande brukar bustad	Gjennomført
	Kutte ferievikarbudsjett psykiatritenesta	Gjennomført
BUA	Endring i tenestetilbodet bustad – 2,6 ÅV	Gjennomført
	Nedtrekk bustad 5,74 ÅV	Gjennomført

Innsparingstiltak status :

Helse, omsorg og sosial har gjort mange av dei innsparingane som låg i budsjettet for 2023. Nokre innsparingar har likevel ikkje latt seg gjennomføre. Hovudsakeleg går dette på behov for personell opp mot fråvær og ferieavvikling både i Heimetenesta og på Osterøytunet. Dei politiske vedtaka frå budsjettet 2023 opp mot dei andre einingane er gjennomført.

Konsekvensar for drifta :

Fråværet i sektoren har på snitt vært 11,18% i 2023. Dette fråværet kan sektoren ikkje handtere utan å ta inn vikar, vikarbyrå eller nytte overtid - spesielt når mykje at dette fråværet er langtidsrelatert. Det meste av dette langtidsfråværet er heller ikkje arbeidsrelatert slik at einingane ikkje kan sette inn førebyggjande tiltak for å forhindre fråværet. Konsekvensar av fråvær betyr mykje administrasjon for å få inn personell på ulike vis, det blir mindre stabilitet av tilsette opp mot den enkelte brukar og tilsette må stadig arbeide med nye og til dels ukjente kollegaer på jobb, noko som kan være krevjande i ein arbeidskvardag. Det er vanskeleg å drive utvikling i einingar med stort fråvære pga mangel på stabilitet

og evne for eininga å forankre nye arbeidsmetodar og verkty. Bruk av vikarbyrå gjer at me ikkje aukar kompetanse inn i eigne rekker ved kompetanseheving. Personell ved vikarbyrå vil kunne ha mindre eigarskap til eininga og på den måten bidra mindre inn til arbeidsmiljøet enn fast tilsette. Når helse, omsorg og sosial ikkje klarar å rekruttere og nyttar vikarbyrå og overtid, blir det trongare økonomi i kommunen totalt sett.

Årsverk

Tabell :

Sektor HOS	31.12.2023	31.12.22	31.12.2021	31.12.2020
Totalt	273,54	265,04	246,38	248,76

Kommentar til utviklinga:

Auke i helse omsorg og sosial kjem hovudsakleg i forhold til auke i vedtak og oppretting av personalturnusar rundt brukar i bustad. I tillegg har det vore auke i samband med overgang til årsturnus i Heimtenesta og Osterøytunet - der heimlar er auka for å sette kjent personell inn i ferie i staden for å ta inn vikarar.

Samfunnsutvikling

Skildring av tenesteområdet

Sektor samfunnsutvikling har ansvar for å utvikle og drive kommunen i tråd med dei kommunale planar som er vedtekne og dei politiske føringar som føreligg, men og vere ein pådrivar gjennom å vere oppdatert og sette aktuelle problemstillingar på dagsorden.

Sektoren er inndelt i 2 hovudeiningar, teknisk forvaltning og plan og teknisk drift. Teknisk forvaltning og plan har ansvar for kommuneplanar, temaplaner og offentlege og private planforslag. Landbruk, byggesaksbehandling og kart og oppmåling er andre viktige ansvarsområde.

Teknisk drift har ansvar for vassforsyning og avlaupssystem, kommunale veger og eigedomsdrift for alle kommunale bygg. Vidare er ansvaret for reinhald, brann og redning og førebyggjande brannvern under denne eininga.

Sektoren har samla ansvar for alle investeringsaktivitetar i ein eigen eining investeringsprosjekt, med eigen leiar.

Sektoren arbeider og med næringsutvikling i samarbeid med Osterøy utvikling, Industrilaget og regionale aktørar, som ein del av samfunnsutviklinga. Ansvar for beredskap ligg til sektor samfunnsutvikling.

Sektoren har stor kontaktflate mot innbyggjarane og andre offentlege og private aktørar, noko som og påverkar arbeidskvardagen.

Året 2023

1. ÅRET 2023

Måloppnåing - kva fekk vi til og kva fekk vi ikkje til

Her er nokon viktige aktivitetar som er utført i 2023:

- Gjennomført hovuddelen av prosjektet Haus vassverk, VA-leidningar Mjeldalen – Espevoll.
- Installert bergvarmeanlegg på Osterøytunet og Opro (tilskot frå Husbanken).

- Ferdigstilt overføringsleidning for vatn mellom Fotlandsvåg vassverk og Lonevåg.
- Asfaltering av Sakslivegen.
- Nytt tak med solcelleanlegg på Lonevåg barnehage.
- Diverse ENØK tiltak gjennomført på bygningsmassen.
- Anskaffa ny (brukt) brannbil til Fotlandsvåg stasjon.
- Utstrekt arbeid med kommuneplanens arealdel (KPSA

Sektoren har ansvar for næringsutvikling. Dette arbeid vert handtert av Osterøy Utvikling as, og det har gjennom året vore eit høgt aktivitetsnivå på dette området. Det vises til aktivitetsrapport for Osterøy Utvikling for meir informasjon.

Meir detaljer knyta til investeringar og prosjekt finn ein i kapittel for Investeringar.

Utfordringar

Generelt ser vi at innbyggjarar og andre brukare av våre tenester har utfordringar og behov som er komplekse. I mange tilfelle er det behov for stor grad av samhandling på tvers av avdelingar, einingar, sektor og forvaltningsnivå. Det er ei prioritert oppgåve å arbeide vidare med å styrke denne samhandlinga.

Sektoren har slitt med vakansar som har påverka både tilgjengeleg kompetanse og kapasitet.

I løpet av 2023 har det vore gjennomført ei rekke rekrutteringar slik at ein no står betre rusta for 2024. Det er ei viktig oppgåve å halde på den kompetansen vi har, og få samkøyrd sektoren framover.

Den stramme økonomiske situasjonen gjer det vanskeleg å halde veger og kommunale bygg ved like, og vedlikehaldsetterslepet veks stendig. Dette gjer at denne situasjonen forverrar seg litt for kvart år, og det vert ei utfordring å prioritera mellom behova.

Investeringskapasiteten er og avgrensa, med dei utfordringane det gjev for naudsynt oppgradering og fornying.

Eit klima som er våtare og meir variabelt gjer tidvis større slitasje på våre veger og andre eigendelar. Vi ser og oftare steinsprang, tre som fell ned og mindre ras. Faren for ras generelt har auka. Vi har tradisjonelt ikkje midlar til å handtere desse ekstra utfordringane. Til dømes har kostnader til vintervedlikehald av veger auka mykje.

Sektoren er sterkt involvert i forvaltning av kommunale bustader til ulike formål, samt bustader til flyktningar. Dette er eit arbeid som har auka i omfang, og legg beslag på meir ressursar. Det er og ei utfordring at det er mangel på tilgjengelege bustader, både kommunalt eigde og på leigemarknaden.

Viktige hendingar

- Sektoren har gjennom året gjort tilsettingar fleire stillingar som har vore vakant i kortare eller lengre periodar. Her kan nemnast:
 - Kommunalsjef
 - Leiar teknisk forvaltning og plan
 - Leiar teknisk drift
 - Fagansvarleg rådgjevar for landbruk
 - 2 nye medarbeidarar på plan.

Dette har styrka sektoren på mange plan, og gradvis auka kapasiteten.

Omorganisering ved samanslåing av teknisk forvaltning og plan er gjennomført.

- Vi har eit uavklart oljeutslepp i Lonevåg, og tidvis har dette ført med seg forureining av olje i vågen, særleg den innarste delen. Det har vore brukt ein del ressursar på å finne orsaka, utan å finne den så langt. Dette arbeidet fortsett inn i 2024.
- Det har vore arbeid med kommuneplanens arealdel gjennom året, her har planutvalet og vore godt involvert.
- Det er gjennomført grunnnerverv knyta til Omsorg+ prosjektet, og det har vore arbeid med å utvikle dette prosjektet (idefase).
- Det er utført habitattiltak i Valestrands-vassdraget.

Status økonomi

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
590-Reinhald	11 667	12 211	12 137	-74	-0,6 %
600-Miljø og teknikk	25 027	24 456	30 788	6 332	20,6 %
610-Plan	4 005	3 493	3 907	414	10,6 %
620-Teknisk forvaltning	3 071	4 530	3 621	-909	-25,1 %

Årsmelding 2023

Avdeling	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	43 771	44 690	50 453	5 763	11,4 %

Kommentar til status økonomi

Samla kjem sektor Samfunnsutvikling ut med eit resultat som er vel 5,7 mill kr betre enn budsjett.

Det enkeltpostar som dreg resultatet både opp og ned, men hovudforklaringa på det positive avviket er at straumkostnaden har vore lågare enn budsjetttert for.

Økonomistatus er her kommentert per eining/område:

Reinhald har eit begrensa negativt avvik. Det er auka kostnadsnivå på forbruksmateriell, men det er kompensert med noko lågare lønskostnader og generelt god styring og kontroll på dette området.

Miljø og teknikk har eit resultat som er 6,3 mill. kr betre enn budsjett. Dette skyldast særleg at straumkostnaden gjennom året har vore lågare enn budsjetttert, avviket er på 8,2 mill. kr.

Område som trekk ned er meirkostnader til overtid og opplæring innan brann og redning (0,5 mill. kr) og meirforbruk på veg (2,0 mill. kr). På veg er det kostnader knytt til vintervedlikehald og til asfaltering som trekk ned, mellom anna asfaltering av Sundlandsvegen.

Plan har eit positivt avvik på 0,4 mill. kr. Det skyldast primært at funksjon som frivilligkoordinator ligg til denne avdelinga, sjølv aktiviteten knytt til plan går jamt i balanse.

Teknisk forvaltning har eit negativt avvik på 0,9 mill. kr, dette er i hovudsak knyta til lågare inntekter frå gebyr knyta til byggesaksbehandling og kart/oppmåling. Dette kjem igjen som ein konsekvens av noko lågare aktivitet generelt i bygg -og anleggsverksemda.

Oppsummering tiltak

Eining/avdeling	Tiltak	Status
Teknisk forvaltning	Felles leiar teknisk forvaltning og plan, spare 50 % stilling.	Tiltak er gjennomført, ny leiar tilsett frå april 2024.
Plan	Redusere med ein stilling – plankonsulent.	Det er ikkje funne rom for å gjennomføre dette tiltak no, grunna høgt aktivitetsnivå med KPA mm.


Årsmelding 2023

Teknisk drift Bygg	Energi-reduserande tiltak.	Det er gjennomført ei rekke med tiltak i tråd med årvisse bevillingar, og i samband med nybygg og rehabiliteringar.
Reinhald	Redusere bruk av vikarar.	Bruk av vikarar er redusert så mykje som mogleg, og bidreg til at budsjett er i balanse.


Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)

Årsmelding 2023



Detaljvisning drift (graf)



Status politiske planer

Status politiske vedtak/saker:

Følgjande større vedtak er pågåande inn i 2024:

- Osterøy ungdomsskule, moglegheitsstudie
- Osterøy ungdomsskule, oppgradering
- Bruvik skule, utgreiing framtidig bruk

Årsverk

Utvikling i talet på årsverk:

Årsverk er lista opp i tabell under:

Sektor	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Samfunnsutvikling	51,94	53,18	53,54	55,53	48,73	45,12	49,57

Kommentar:

Nedgang i talet på årsverk for 2021 til 2022 samsvarer mykje med oppgangen frå 2022 til 2023. Årsaken er knyta til til vakansar frå 2021 til 2022, og deretter nyttilsetjingar for å retta opp desse.

Årsrekneskap

Note 1 Endring arbeidskapital

Balanseregnskapet :	31.12.2023	01.01.2023	Endring
2.1 Omløpsmidler	230 854 677	220 691 058	
2.3 Kortsiktig gjeld	-137 469 638	-107 218 244	
Arbeidskapital	93 385 040	113 472 813	-20 087 774
Drifts- og investeringsregnskapet :			Sum
Driftsregnskapet			
Sum driftsinntekter			-813 609 630
Sum driftsutgifter			792 494 155
Netto finansutgifter			45 952 101
Netto driftsresultat			24 836 626
Investeringsregnskapet			
Sum investeringsutgifter			165 480 361
Sum investeringsinntekter			-165 610 770
Netto utgifter videreutlån			0
Netto utgifter i investeringsregnskapet			-130 409
Endring ubrukte lånemidler (økning +/-reduksjon-)			4 617 135
Endring i regnskapsprinsipp ført direkte mot egenkapital			0
Endring arbeidskapital i drifts- og investeringsregnskapet			20 089 082
Differanse (forklares nedenfor)			1 308
Forklaring til differanse i arb.kapital :			Beløp
Differansen er 1308.			1 308
			0

Årsmelding 2023

			0
			1 308

Note 2 Pensjonskostnader

Føring av pensjonskostnad i kommunerekneskapen				
Det er utrekna pensjonskostnad som vert rekneskapsført utgift i kommunerekneskapen.				
Skilnaden mellom betalt premie og utrekna pensjonskostnad vert kalla premieavvik. For å få rett				
utgiftsføring i høve til utrekna pensjonskostnad, vert det rekneskapsført eit premieavvik som er skilnaden				
mellom premien, som vert ført løpande i året, og pensjonskostnaden som vert rekna ut etter at året er slutt.				
Premieavviket skal seinare amortiserast (tilbakeførast) i rekneskapen, jamnt fordelt over 15 år, 10 eller 7 år.				
	KLP	SPK	SUM	
Premiebetaling 2023	67 153 463	8 314 140	75 467 603	
Årets netto pensjonskostnad (F § 13-1 bokstav C)				
Netto pensjonskostnad er kostnaden for pensjonsoppteninga siste år, etter frådrag for ei teoretisk avkastning. Utrekninga er gjort av pensjonsselskap og følger føresetnadene i rekneskapsforskrifta og KRD.				
	KLP	SPK	SUM	
Årets pensjonsopptening, noverdi	37 411 666	5 114 916	42 526 582	
Rentekostnad av påløpt pensjonsforplikting	27 795 280	1 957 848	29 753 128	

Årsmelding 2023

Venta avkastning på pensjonsmidlane	-30 943 789	-1 266 156	-32 209 945	
Administrasjonskostnad	1 919 821	201 784	2 121 605	
Netto pensjonskostnad (inkl adm)	36 182 978	6 008 392	42 191 370	
Premieavvik				
Premieavvik er skilnaden mellom innbetalt premie, og netto pensjonskostnad inkl administrasjonskostnad. Akkumulert (oppsamla) premieavvik er justert for amortisering tidlegare år. Årets premieavvik og resultatføring frå tidlegare år påverkar netto driftsresultat. I 2016 er premieavvik utgiftsført med kr 4,0 millionar inkl arbeidsgjevaravgift.				
	KLP	SPK	SUM	
Årets premieavvik	-30 970 485	-2 305 748	-33 276 233	
Netto premieavvik tidlegare år	32 424 582	-154 311	32 270 271	
Resultatføring av 1/7 av tidl års premieavvik	6 950 788	-456 997	6 493 791	
Akkumulert premieavvik	56 444 279	2 608 434	59 052 713	
Arbeidsgjevaravgift	7 958 643	367 789	8 326 433	
Balanseførte forpliktelsar og midlar pr. 31.12.16 (F § 13-1 bokstav E)				
Brutto påløpt forpliktelse er den totale pensjonsforpliktinga kommunen har pr 31.12 for yrkesaktive, pensjonistar og fripoliser. Pensjonsmidlar er alle midlane kommunen har avsatt til pensjonsføremål til dei samme. Midlar er både premiereserve, tilleggsavsetjing, kursreguleringsfond og evt innestående på premiefond. Netto forplikting syner at ein del av pensjonsforpliktinga ikkje er innbetalt eller rekneskapsført, i hovudsak AFP.				
	KLP	SPK	SUM	
Brutto påløpt forplikting	805 665 456	63 011 267	868 676 723	
Pensjonsmidlar	820 874 648	41 498 223	862 372 871	
Netto pensjonsforplikting	15 209 193	-21 513 044	-6 303 851	
Arbeidsgjevaravgift	2 144 496	-3 033 339	-888 843	

Årsmelding 2023

Føresetnader for utrekningane	KLP	SPK		
Venta avkastning på pensjonsmidler (F § 13-5 bokstav F)	4,00 %	3,50 %		
Diskonteringsrente (F § 13-5 bokstav E)	3,50 %	3,50 %		
Venta årleg lønsvekst (F § 13-5 bokstav B)	2,48%	2,48 %		
Venta årleg G- og pensjonsregulering (F § 13-5 bokstav C og D)	2,48 %	2,48 %		

Bruk av premiefond klp kr 25 983 592

Premiefond KLP fellesordning pr 31.12.23 kr.282.252

Note 3 Garantiansvar

	Debitor	31.12.2023	31.12.2022
Husbanken	Osterøy Utbygging A/S (20%)	-	60 656
